

KNUT VAAGE, Biography

Knut Vaage, born 1961, lives in Bergen where he works as a composer. He graduated as a pianist and composer from the Grieg Academy in Bergen. Vaage has worked in different styles of music, though concentrating on improvised and contemporary music. Many of Vaage's projects have investigated the boundaries between improvisation and composed music. Vaage's production ranges from symphonic works and opera to solo pieces. His music is frequently performed at concerts and festivals in Norway and abroad.

Vaage's instrumental works include *Transit*, commissioned by the French Ministry of Culture and premiered by Ensemble Court-circuit, and *Movements* for major sinfonietta, one of several commissioned and premiered by the BIT20 Ensemble. His orchestral works includes *Hidden Songs*, premiered by the Stavanger Symphony Orchestra; *Chaconne, Gardens of Hokkaido* and *Tjat*, premiered by the Bergen Philharmonic Orchestra; *Reflex*, premiered by the Orkester Norden; *Cyclops*, premiered by the Trondheim Symphony Orchestra. *Mylder* and *Rite*, premiered by KORK (the Norwegian Radio Orchestra). From his list of works for wind instruments one can mention "Graffiti" for brass band and "Breaking Another Wall" for wind ensemble. "Graffiti" achieved the Edvard price in 2003. Much of Vaage's instrumental music have been released on CD.

Investigation of the acoustic/electronic hybrid-sound is another important topic in Vaage's music. In *Electra*, the *multiMORPH*-serie and *Futuration*, he has worked closely with sound designer Thorolf Thuestad to expand the sound-spectrum of the instruments through extended use of electronics. *Futuration* for orchestra and electronics was premiered by Bergen Philharmonic Orchestra and Ed Gardner in December 2015. Watch it on video at digitalkonserthus.no

Vaage has also written a number of vocal works and works for the stage. His first opera *Someone is Going to Come*, was based on Jon Fosse's play with the same name. It was premiered by Opera Vest at the Ultima Oslo Contemporary Music Festival in 2000 and achieved national and international acclaim. The opera is translated into English and German, and has been performed in Germany and Luxembourg. In 2010 Collegium Musicum premiered *Song of Solomon*. *Khairios* is a full scale opera developed with the librettist Torgeir Rebolledo Pedersen, commissioned by Den Norske Opera & Ballet and premiered in 2013. Rebolledo Pedersen also wrote the libretto for *Veslefrikk*, an opera in one act aimed for the whole family. It was premiered September 2010 by Den Nye Opera, and won the ARTE audience award for best production.

As an improvisator Vaage was an early explorer of the boundaries between improvisation and composition in the trio *JKL*. The tension created between acoustic instruments and electronics was an important part of their style. *JKL* has released one CD. His work with improvisation continues with the band *Fat Battery*, and in staged works like *Achilles or Stupor*, premiered at Grec Festival in Barcelona in 2015.

The propagation of contemporary music for a wider audience forms an important part of Vaage's compositional activity. He has participated in different concert projects aimed at children, teenagers, and local choirs and orchestras.

Vaage has served as a board member of the composers' group of Ny Musikk, the Norwegian branch of the ISCM, and the Norwegian Society of Composers. He has in addition led a local division of Ny Musikk in Bergen, where he was also director of the Autunnale festival. He has also been leader for the concert series Avgarde in Bergen.

For complete list of works, visit www.knutvaage.com

KNUT VAAGE, Biografi

Knut Vaage (1961-) er busett i Bergen kor han livnærer seg som komponist. Han er utdanna i klaver og komposisjon ved Griegakademiet i Bergen. Vaage har vore aktiv innafor ei rekke stilartar med hovedvekt på improvisasjon og samtidsmusikk. I fleire prosjekter har han utforska grensene mellom improvisasjon og komposisjon. Vaage sin produksjon spenner frå symfoniske verk og opera til solostykker. Musikken hans blir hyppig framført på konsertar og festivalar i inn- og utland.

Blandt Vaage sine instrumentalverk finn me *Movements* for stor sinfonietta, eit av fleire verk bestilt og urframført av BIT20 Ensemble, og *Transit*, bestilt av det franske kulturdepartementet og urframført av Ensemble Court-circuit. Vaage sin omfattande produksjon av orkestermusikk inneheld: *Skjulte songar*, urframført av Stavanger Symfoniorkester; *Chaconne, Hokkaidos hagar* og *Tjat*, urframført av Bergen Filharmoniske Orkester; *Refleks*, urframført av Orkester Norden; *Kyklop*, urframført av Trondheim Symfoniorkester; *Mylder* og *Rite*, urframført av KORK. Av verk for blåsarar kan nemnast "Graffiti" for brass band og "Breaking Another Wall" for wind ensemble. For "Graffiti" mottok han Edvardprisen for 2003. Mykje av Vaage sin instrumentalmusikk er utgitt på CD.

Utvikling av eit hybrid akustisk/elektronisk lydbilde er eit viktig tema i Vaage sin musikk. I *Elektra*, *multiMORF*-serien og i *Futurasjon*, har han jobba tett med lyddesignar Thorolf Thuestad for å utvida klangspekteret til instrumenta gjennom utstrakt bruk av elektronikk. *Futurasjon* for orkester og elektronikk blei urframført av Bergen Filharmoniske Orkester og Ed Gardner i desember 2015. Sjå videoen på digitalkonserthus.no

Vaage har også skrive fleire vokalverk og verk for scenen. Hans første opera, *Nokon kjem til å komme*, tar utgangspunkt i Jon Fosse sitt skodespel med samme navn. Den blei urframført av Opera Vest under Ultima hausten 2000 og oppnådde gode nasjonale og internasjonale kritikkar. Operaen er oversatt til engelsk og tysk, og har blitt framført i Tyskland og Luxembourg. I 2010 urframførte Collegium Musicum *Høgsongen* for solister, kor og orkester. *Khairos* er ein fullskala opera, utvikla saman med librettist Torgeir Rebolledo Pedersen, bestilt av Den Norske Opera & Ballett, og urframført i 2013. Rebolledo Pedersen har også skrive libretto til *Veslefrikk*, ein opera i ei akt for heile familien, som ble urframført september 2010 av Den Nye Opera, og vant ARTE sin publikumspris for beste produksjon.

Med trioen *JKL* var Vaage som improvisator tidleg ute med å utforska fri improvisasjon i grenselandet til komposisjon. Spenninga mellom akkustiske instrument og elektronikk var stilsetjande. *JKL* har utgitt ein CD. Arbeidet med improvisasjon er tatt vidare i bandet *Fat Battery* og i sceniske prosjekt som *Achilles or Stupor*, framført på Grec Festival i Barcelona i 2015.

Formidling av samtidsmusikk i eit breiare forum har vore ein del av Vaage sin aktivitet. Han har deltatt i fleire prosjekt som er retta mot barn og unge, og lokale kor og orkester.

Vaage har vore styremedlem i Norsk Komponistforeining. Han har også vore leiar i Ny Musikk avd. Bergen, for Autunnale-festivalen og for konsertserien Avgarde i same by.

For komplett verkleste, gå til www.knutvaage.com